



Time kommune

Kulturminneplan 2008 - 2019 Høgt prioriterte nyare kulturminne

VEDTEKEN AV TIME KOMMUNESTYRE 04.11.2008

Teiknforklaring
(Gruppe 2.1 og 2.2 syner til vedlegg 2 i kulturminneplanen)

- Bygg og anlegg regulert til spesialområde bevaring (SOB).
- Bygg i SEFRAK A, som er vedtatt unntak i verneomsyn. (Sentrumsplan for Bryne 2007 - 2018)
- Kulturminne Gruppe 1 (i hovudsak SEFRAK A - objekt)
- Kulturminne Gruppe 2 (Kommunalt prioritert liste KPL) Raude tal : Bygget utgår
- - - Veg registrert som kulturminne.

Kartet over høgt prioriterte kulturminne er eit tillegg til arealdelen i kommuneplanen. Kartet syner dei kulturminneobjekta som Time kommune vil prioritere å ta vare på i planperioden 2008 - 2019.


Dei tilhøyrande utfyllande føresegnene har juridisk verknad for saksbehandlinga når det vert planlagt tiltak som vil medføra fjerning eller negativ påverknad på høgt prioriterte bygg og konstruksjonar som er avmerka i dette kulturminne kartet.

Utfyllande opplysningar om dei ulike objekta finn ein i : Kulturminneplan for Time kommune 2008 - 2019.

Med fortid og nåtid
inn i framtida



Kulturminneplan
Time kommune
2008-2019
KULTURMINNEKARTET
GODKJENT AV TIME KOMMUNE 04.11.2008



6. og 7. "Træe" - bustadhus og driftsbygning på Line, gnr. 5/24, obj. 1121/002/032. Bygd på 1780-talet i naturstein og laft med pannelak. Vidlegare husmannsplass og kårstove. Lite jærhus, samansydd med løvfjøs med skut i enden av bustaddelen. Torvtak på driftsbygning obj. 1121/002/033. Autentisk grunnform og plan. Stor verneverdi som husmannsplass og kårstove.

SEFRAK A



8. Jærhus - Haugland, gnr. 8/1, obj. 1121/002/035. Midtre delen frå 1700-talet. For øvrig bygd på 1800-talet. Autentisk grunnform. Skutane er nå del av buareale. Bortsett frå det er grunnplanen nær på autentisk i forhold til utbygginga på 1800-talet. Ein del uheldige vindaugeutskiftingar og -innsetingar, særleg i skutane.

SEFRAK A



9. og 10. Gardsanlegg - Serigstad, gnr. 20/7, obj. 1121/003/010. Jærhus med to skutar frå ca. 1850. Midtgangshus med endekammers, jærhus av den trossa typen. Stor grad av autentisitet. Driftsbygning, obj. 1121/003/009. Bygd ca. 1850, delvis i tegl, delvis i naturstein. Nær på autentisk grunnform og -plan. Autentisk miljø saman med uthus, steingardar, tunte og driftsbygning - obj. 1121/003/009. Kulturvernetprisen 1998. SEFRAK A

SEFRAK A



11. Prestaveien - gnr. 23/1, obj. 1121/003/024. Frå 1329 til 1926 var Gjesdal kyrkje annekst til Lye prestegjeld. Prestaveien frå Lye over Aasen og Edland til Gjesdal var rideveg for presten. I 1837 vart han utbetra til køyveveg. Det er 18 km frå Lye til Gjesdal kyrkje. Turveg frå 2003. Står i Fylkesplanen for kulturminne.

SEFRAK A



12. Steinar - feste for hestar langs vegen på nordsida av Time kyrkje, gnr. 17/19, obj. 1121/003/032. Hellesteinane er festa i bakken, og har eit høl avst til å festa bindetauet i. Her stod bestane medan eigarane var i kyrkje.

SEFRAK A



13. Fotland kraftstasjon - Fotland, gnr. 16/2, obj. 1121/003/046. Representativ og tidstypisk industrarkitektur, bygd i 1915. Verneverdi også som del av miljø med mølle, restar etter bra og ruinar etter, og restaurerte kvernhus. Til Time kommune i 1972.

SEFRAK A



14. Fotland Mølle - 2 kvernhus, mølle, torvhus - Fotland, gnr. 58/9, obj. 1121/003/048. Miljø med kvernhus, mølle og ruinar av kvernhus og torvhus. Verneverdi også som del av miljø ved Fotland kraftstasjon. Til Time kommune i 1972.

SEFRAK A



15. Garborgheimen-Garborg, gnr. 62/13, obj. 1121/005/005. Bygd 1848. Diktaren Arne Garborg sin barndomsheim. Jærhus med midtgangspan og to skutar. Endeveg på eine skuten i naturstein. Autentisk grunnform og -plan. Freda i 1939. Til Time kommune i 1940.

SEFRAK A



16. Bustadhus - Undheim, gnr. 46/17.116, obj. 1121/005/039. Jærhus utan skutar av den såkalla "utvida" typen. Tofamiliehus med to inngangsparti, begge med bislag med spissgavl. Bygd ca. 1790. Vart flytta i 1876 og samtidig utvida. Tildelene 2 skutar som vart rivne i 1957. Autentisk grunnform og -plan.

SEFRAK A



17. Bustadhus/tun - ved Tjålandsvatnet, gnr. 49/2, obj. 1121/005/072. Bygd ca. 1780. Lite jærhus, med ein skut i naturstein. Autentisk grunnform og -plan. Driftsbygning imtill bustadhuset i eine hjørnet. Kulturlandskap og steingardar i området rundt tunet. Bygningane viser både byggeskikk og byggematerial som var vanlege på 17- og 1800-talet. Fleire av bygningane er i svært dårleg stand.

SEFRAK A



18. Lensmannsgården - Mossige - bustadhus og tingstove, gnr. 60/24, obj. 1121/005/087. Bygd 1824 av lensmann og stortingsmann Ingebrigt Sverren Mossige. Fin, sjeidlen og tidstypisk representant for embetsmannsbustad på 1800-talet. Restaurert i samarbeid med antikvariske styremakter. Stor grad av autentisitet. Påbygd kvist 1930. Kulturvernetprisen 1995. Jorda og huset selt ut av familien i 2004.

SEFRAK A



19. Knudabeie - Undheim, gnr. 46/21, obj. 1121/005/095. Sommerhuset til dikteren Arne Garborg. Bygd i 1899. Lite jærhus med 2 skutar. Autentisk grunnform og -plan. Til Time kommune i 1924.

SEFRAK A og SOB (k)



20. Smie - Kvernaland, gnr. 28/9, obj. 1121/006/056. Smie frå 1878/79, bygd av O. G. Kvernaland. Bygd for produksjon av landbruksmaskinar. Smia viser starten på det som seinare har utvikla seg til å bli ein av dei største landbruksindustriane i verda. Autentisk grunnform. Planeteikning manglar. Grunnlaget for produksjonen i smia var utnyttning av vasskrafta frå Stemmen (Frøylandsåna). Bygningen ligg for seg sjølv, og er bedriftsmuseum.

SEFRAK A

